



Brøne frå Austevoll har sunge evangeliet i 40 år

Det er laurdag 3. oktober kyrkja vår får besøk av den amerikanske gospelpianisten Brad White og trioen Brødrene Nordstrand frå Austevoll. Grappa har vore her også tidlegare men då som kvartett og utan White, som er ein av dei fremste gospelpianistane i USA med heile verda som scene. I tillegg til å vera dyktig på pianoet er han ein habil songar og spelar også saksofon. Jan-Tørres, Terje og Per Nordstrand har i meir enn 40 år sunge evangeliet på bedehus, i kyrkjer og andre samanhengar som festivalar. Til dømes har dei delteke på den årlege festivalen i Louisville i Kentucky som samlar meir enn 20 000 og er største mønstring innan denne songtradisjonen.

Repertoaret er variert og spenn frå gode, gamle bedehussongar til sørstatsgospel. Dei skriv også songar sjølve. Eit varemerke er den klare evangeliske budskapen framført i ei variert tonedrakt og ein lett folkeleg uttryksmåte. Brøne har mellom anna 3 CD-ar bak seg, den siste gjort i Nashville i 2007 saman med lokale musikarar. I Uskedalen vert det 3 ulike avdelingar, ein med brøne, ein med pianisten og ein fellesavdeling.

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen